



Askvoll kommune  
Postboks 174  
6988 ASKVOLL

Vår dato:

23.06.2022

Vår ref:

2022/774

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Marit Lunde, 57 64 30 05

## Askvoll kommune - budsjett 2022 og økonomiplan 2022 - 2025

Askvoll kommunestyre har i møtet 15.12.2021, sak 080/2021, handsama og vedteke budsjett 2022 og økonomiplan for 2022 – 2025. Statsforvaltaren har motteke saksdokumenta til orientering.

Askvoll kommune er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse, og at det ikkje er budsjettert med uspesifiserte innsparingar. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis Statsforvaltaren vurderer økonomien til kommunen og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

### Bustadsosialt arbeid

Kommunal- og distriktsdepartementet har sett i gang eit treårig forsøk for å skape ei tettare kopling mellom det bustadsosiale arbeidet og andre kommuneretta oppgåver hjå Statsforvaltaren. I forsøksperioden er Husbankens rettleiingsoppgåver overført til Statsforvaltaren. Eit godt bustadsosialt arbeid vil over tid vere lønsamt for kommunane, og til rettleiing og oppfølging av kommunane vil vi m.a. bruke informasjon frå budsjett og økonomiplanar. Vi ber derfor om at kommunane frå 2023 omtalar mål og tiltak innanfor det bustadsosiale arbeidet i budsjettdokumenta.

### Oppsummering

Askvoll kommune har ved inngangen til 2022 ein tilfredsstillande fri eigenkapital. Dette er framleis ein viktig og nødvendig «buffer» mot uføresette økonomiske hendingar og er viktig for å sikre handleevna til kommunen framover.

Budsjett- og økonomiplandokumentet viser negative netto driftsresultat annakvart år, der utbetalingane frå Havbruksfondet er lågare. Det kan vere utfordrande å styre økonomien sin etter varierande inntekter som ein ikkje har kontroll på sjølve.

Lånegjelda er høg og vil auke utover i perioden. Dette, kombinert med eit forventa høgare rentenivå, gjer at Statsforvaltaren er noko uroa for utviklinga i lånegjelda, dersom ein ikkje greier å redusere



driftsutgiftene. Handlingsrommet blir svekt, og dette kan på sikt få konsekvensar for tenestetilbodet til innbyggjarane.

## Budsjett 2022

Budsjettet er i balanse med eit netto driftsresultat på 252 000 kroner, som tilsvarar 0,07 prosent av driftsinntektene. Driftsresultatet skal setjast av til fond. Resultatet ligg godt under det anbefalte nivået frå Teknisk berekningsutval (TBU) på 1,75 prosent. Kommunen fekk eit positivt netto driftsresultat for 2021 på 827 000 kroner, som tilsvarar 0,3 prosent av inntektene. Snittet på netto driftsresultat for landet utgjorde 4,2 prosent.

Budsjetterte skatteinntekter og rammetilskot (frie inntekter) ligg noko lågare enn det prognosemodellen til KS viser etter saldert budsjett og oppdaterte skattetal. Folketalet har gått ned siste året med 1,34 prosent.

Dispositionsfondet utgjorde 44 mill. kroner i 2021, noko som tilsvarar 12,5 prosent av brutto inntekter. Snittet for landet (ekskl. Oslo) utgjorde 13,7 prosent.

Sum investeringar i varige driftsmiddel utgjer 85,7 mill. kroner i 2022. Dei største investeringane er til ombygging av brannstasjon og driftssentral, og barnehage i Askvoll sentrum. I tillegg kjem investeringar på 19,4 mill. kroner til vatn og avlaup, som er sjølvfinansierande. Investeringane skal finansierast ved låneopptak på om lag 73 mill. kroner, i tillegg til kompensasjon for meirverdiavgift og tilskot frå andre.

Kommunen hadde ved utgangen av 2021 ei langsiktig gjeld på om lag 352 mill. kroner, som utgjer om lag 99,6 prosent av brutto inntekter. Snittet for landet (ekskl. Oslo) utgjorde 114,9 prosent. Om lag 50 prosent av gjelda til kommunen er renteeksponert.

## Økonomiplan 2022 – 2025

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyrets prioriteringar og løyvingar og dei mål og premissar som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

Økonomiplanen er i balanse men viser negative netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter for to av åra i planperioden. Resultatet varierer frå minus 7,8 mill. kroner i 2023, pluss 4,1 mill. kroner i 2024 og minus 4,5 mill. kroner i 2025. Driftsresultata skal avsetjast til, og inndekkast, ved bruk av fond kvart år.

I dei tre siste åra av planperioden vert det lagt opp til investeringar på 143,9 mill. kroner. Desse skal finansierast ved låneopptak på 116,7 mill. kroner i tillegg til kompensasjon for meirverdiavgift og andre tilskot/inntekter. Dei største investeringane i planperioden er til barnehage i Askvoll sentrum og omsorgsbustader, i tillegg til sjølvfinansierande investeringar innanfor vatn og avlaup.

Samla for heile perioden utgjer investeringane om lag 230 mill. kroner. Den langsiktige gjelda vil auke til om lag 486 mill. kroner ved utgangen av perioden, noko som tilsvarar ca. 148 prosent av brutto inntekt, rekna ut frå dei tala som ligg i økonomiplanen i dag. Det er budsjettet med ein auke i rente- og avdragsutgifter på 6,4 mill. kroner i perioden.



## Finansielle måltal

Etter kommunelova skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal med handlingsreglar for utvikling av økonomien til kommunen. Finansielle måltal skal nyttast i planlegging og styring, som grunnlag for å vareta den økonomiske handleevna over tid. Askvoll kommunestyre har vedteke følgjande langsiktige måltal i prosent av inntekter:

- Mål om eit netto driftsresultat lik 0 så lenge ein har eit disposisjonsfond som er mellom 8 – 12 prosent av driftsinntektene. Netto driftsresultat vil variere frå år til år på grunn av varierande storleik på utbetalingane frå Havbruksfondet.
- Disposisjonsfond skal ha ein størrelse på mellom 8 – 12 prosent av brutto driftsinntekter
- Netto lånegjeld bør vere under 70 prosent av brutto driftsinntekter etter 2025.

Kommunen vil ikkje nå måla på netto driftsresultat sidan to av åra i planperioden kjem ut med negative driftsresultat, minus 2,43 prosent i 2023 og minus 1,39 prosent i 2025. Av di det er lagt inn bruk av bundne fond med om lag 2,1 mill. kroner kvart år for å saldere drifta, blir inneståande på disposisjonsfondet omtrent uendra i 2025, og utgjer om lag 13,6 prosent av inntektene.

Lånegjelda og gjeldsgraden vil ligge over måltalet heile perioden.

## Statsforvaltaren sine vurderingar

Askvoll kommune har ved inngangen til 2022 ein tilfredsstillande fri eigenkapital. Dette er framleis ein viktig og nødvendig «buffer» mot uføresette økonomiske hendingar, og er viktig for å sikre handleevna til kommunen framover.

Kommunen har engasjert Telemarksforsking for å få innspel til tiltak for å redusere driftsutgiftene. Budsjett- og økonomiplandokumentet viser negative netto driftsresultat annakvart år, der utbetalingane frå Havbruksfondet er lågare. Det kan vere utfordrande å styre økonomien sin etter varierande inntekter som ein ikkje har kontroll på sjølve.

Lånegjelda er høg og vil auke utover i perioden. Dette, kombinert med eit forventa høgare rentenivå, gjer at Statsforvaltaren er noko uroa for utviklinga i lånegjelda, dersom ein ikkje greier å redusere utgiftsnivået. Handlingsrommet blir svekt, og dette kan på sikt få konsekvensar for tenestetilbodet til innbyggjarane.

Budsjett- og økonomiplandokumenta er elles i samsvar med lov og forskrift.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid  
fung. statsforvaltar

Nils Erling Yndesdal  
kommunaldirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*